



Prosjektplan – reiselivsorganisering i Sogn

Dagens situasjon

Sogneregionen har ni lokale reisemålsselskap/reiselivslag:

- Reisemål Sogndal og Luster (Sogndal og Luster)
- Aurland og Lærdal reiselivslag (Aurland og Lærdal)
- Reisemål Vik
- Reisemål Årdal
- Balestrand reiseliv
- Leikanger reiselivslag
- Fjærland reiselivslag
- Høyanger reiselivsforum

Reisemålsselskapa sine arbeidsoppgåver er knytt til tre overordna område:

- Felles marknadsføring og profilering av området/regionen
- Vertskapsoppgåver (turistinformasjon og mottak av pressebesøk mm.),
- Produktutviklingstiltak (Utvikling og tilrettelegging av fellesgoder og ikkje-kommersielle ressursar; skilting, infrastruktur, omgjevnad, turstiar etc.)

I tillegg til:

- Internkommunikasjon, reiselivspolitik og sikring av samarbeidsløysingar og dialog (mellom reiselivsaktørane og mellom offentleg sektor og reiselivsnæringa)
- Kartlegging og samordning av ulike produkt- og marknadstiltak innafor reisemålet (og mellom eige og andre reisemål)
- Utvikling av- og deltaking i reiselivsrelaterte produktutviklings- og marknadsføringstiltak, samt arrangement og anna relevant prosjektretta verksemd.
- Initiering og sikring av finansieringsløysingar knytt til basisfunksjonane og prosjektretta aktivitet.

Dei ni lokale reisemålsselskap/reiselivslag representerer omlag 400 medlemsverksemd, 8 årsverk i faste stillingar og ei samla basisomsetning på omlag 12 mill. kroner. Sesongtilsette, prosjektstillingar og –inntekter kjem i tillegg.

Visit Sognefjord AS er eit marknadssamarbeid i Sogn. Selskapet er oppretta og eigd av reisemålsselskapa og næringa og tek seg av felles marknadsføring. Størstedelen av marknadsføringsmidlane frå reisemålsselskapa vert brukt til fellesmarknadsføring gjennom Visit Sognefjord as.

Bakgrunn for prosjektet

Sogn regionråd ønskjer å bidra til styrking av reiseliv som satsingsområde og lønsemda i reiselivet i Sogn. Eit av midla for å nå målet er forsterking av samarbeidet og samkøying av reiselivssatsinga i regionen. Sogn regionråd ynskjer derfor å sjå nærare på moglegheitene for eit felles reisemålsselskap i Sogn. Tiltaket kom som eitt av fleire oppdrag til rådet frå formannskapsmedlemmane på regionsenterkonferansen hausten 2010. Tiltaket er teken inn i rådet sin tiltaksplan for 2011.

Fylkeskommunen har også kome med innspel om at regionrådet kan sjå nærare på reiselivsorganiseringa i regionen. I reiselivsplanen blir det under eitt av dei sju strategiske handlingsområde - samhandling - peika på at *”ein bør også ha kontinuerleg diskusjon rundt fellesfunksjonar i reiselivet og optimal samhandling for å løyse desse oppgåvene (rolledeling og organisering)”*.

I NHO reiseliv sin rapport om reisemålsselskapa i Norge frå mai 2011 er ein av hovudkonklusjonane at: *”Utvalget anbefaler en konsolidering og samordning av reisemålsselskaper og oppgaver der det vil gi bedre kostnadseffektivitet og frigjøring av midler til operativ markeds-bearbeiding”*.

I rapporten vert det vidare understreka følgjande: *”Frykten for å redusere /fusjonere reisemåls-selskaper er sterkt knyttet til lokal forankring, innsikt i lokale forhold og legitimitet, og dette skal det ikke undervurderes betydningen av. Det er også viktig å ta hensyn til dette i arbeidet med å gjøre reisemålsselskapene mer kostnadseffektive. Utvalget mener at når man skal se på antall selskap, må det ses som konsekvens av hvilke prioriterte oppgaver selskapene skal ha, og hvilke oppgaver som eventuelt kan løses av andre. Både vertikale og horisontale samarbeidslinjer må kartlegges i en slik prosess”*.

Prosjekt mål

Målet med prosjektet er styrka samkøying av reiselivsutviklinga og auka lønsemda i reiselivet i Sogn.

Mandat

Forprosjektet skal kartleggja dagens ressursbruk og aktivitetsnivå i reisemålsselskapa og koma med framlegg til ein eller fleire moglege, regionale organisasjonsmodellar som viser korleis lokale og regionale oppgåver kan løysast betre innafor nye samarbeidsstrukturar.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Sogn regionråd

Prosjektansvarleg/økonomi: Dagleg leiar i Sogn regionråd

Styringsgruppe: Sogn regionråd

Prosjektgruppe: Reiselivsgruppa i Sogn regionråd

Referansegruppe: Reiselivsgruppa i Sogn regionråd saman med prosjektleiar kontaktar aktuelle aktørar i og utanfrå fylket.

Framdriftsplan – milepælar

Startdato ca	Beskriving av aktiviteten	Ansvarleg	Sluttdato ca
17.6.2011	Vedta forprosjektplan og mandat	Sogn regionråd	17.6.2011
20.6.2011	Søkja om eksterne midlar	Dagleg leiar	1.7.2011
1.9.2011	Engasjera prosjektleiar	Dagleg leiar	15.9.2011
15.9.2011	Kartleggings- og analysefase	Prosjektleiar	15.1.2012
15.1.2012	Rapport frå forprosjektet	Prosjektleiar	1.2.2012
15.2.2012	Presentasjon i Sogn regionråd	Prosjektleiar	1.3.2012
1.4.2012	Sak til Sogn regionråd	Dagleg leiar	15.4.2012

Prosjektet vil ha fire overordna fasar:

- 1) **Status:** synleggjering av no-situasjon og arbeidsoppgåvene innafor gjeldande organisering
- 2) **Alternativ:** forslag til modellar for regional organisering som ivaretek dei lokale og regionale oppgåvene på ein enno betre måte enn i dag.
- 3) **Dialog:** innspel og synspunkt frå næringa og kommunane på gjeldande- og alternativ regional organisering
- 4) **Tilråding:** oppsummering og tilrådingar (rapport og presentasjon).

Økonomi og ressursbruk

<i>Finansieringskjelder</i>	<i>Sum</i>
Sogn regionråd	250 000
Sum	250 000

<i>Utgifter</i>	<i>Sum</i>
Prosjektleiing	180 000
Ekstern rådgjeving	40 000
Møte- og reiseutgifter	30 000
Sum	250 000

Sogndal, 16. september 2011